



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Iflg. liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1748-

11.05.2016

Høyring om endring i forskrift om stadnamn

Kulturdepartementet gjer med dette framlegg om endringar i *forskrift 1. juni 2007 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn*. Høyingsnotatet er lagt ut på nettstaden til regjeringa under høyringar: www.regjeringen.no/2499821

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova) vart endra ved lov av 19. juni 2015 nr. 74. Endringane fekk verknad frå 1. juli 2015. Framlegget tek mellom anna sikte på å tilpasse forskrifta til lovendringane.

Høyringsfristen er **19. august 2016.**

Bruk den digitale løysinga for å sende høyringsfråsegn ved å klikke på "Send inn høyringssvar". Høyringsfråsegner er offentlege og vil bli publiserte på nettstaden til regjeringa. Eventuelle spørsmål til framlegget kan rettast til seniorrådgjevar Inger Lise Kurseth (tlf. 22 24 78 31) eller rådgjevar Kjetil Aasen (tlf. 22 24 78 39).

Med helsing

Steinar Lien (e.f.)
avdelingsdirektør

Inger Lise Kurseth
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.

